



Arkiv: FA-D11, FE-223, TI-&88
JournalpostID: 22/6171
Saksbehandler: Anders Olav Dale
Dato: 21.01.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utvalg	Møtedato
013/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.02.2022

Tilskot til drift og vedlikehold av større ordinære idrettsanlegg i privat eige 2022

Rådmannens framlegg til vedtak

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 990 670,- slik det kjem fram av saka.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.02.2022:

Handsaming:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 013/22 Vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot til 990 670,- slik det kjem fram av saka.

Handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Bakgrunn

Alver kommunestyre vedtok i møte 16.09.2021 sak 098/21 Kommunale tilskotsordningar kultur og idrett - revidering av retningsliner. Retningsline omfattar fleire ulike tilskotsordningar innan kultur- og idrett.

Den totale ramma for kultur vart redusert med ein million kroner i møte i kommunestyret 16.12.21 sak 164/21 - Økonomiplan 2022-2025. Som følgje av kuttet vart tilskotsordninga redusert frå kr 7.700.000 i 2021 til kr 6.700.000 i 2022, ein reduksjon på 1 million kroner. Barn og unge har så langt som mogeleg blitt skjerma.

Denne saka gjeld fordeling av midlar for ordninga tilskot til idrettsanlegg i privat eige. Tilskotet hadde søknadsfrist 15.11.2021.

I retningslina heiter det at ordninga er til for større ordinære idrettsanlegg i privat eige, for organisert idrettsleg aktivitet og konkurransar. Tilskotet utarbeidast etter eige vektingsnøkkel.

Det er sett av kr. 990 670 til fordeling i denne søknadsrunden. I 2021 vart det fordelt kr. 1 100 851.

Saka har vore på høyring til idrettsrådet.

Saksopplysingar

Uttale idrettsråd:

Alver idrettsråd rår til utbetaling av drifts- og vedlikeholdstilskot til private idrettsanlegg i samsvar med framlegget frå kommunen.

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter tidlegare vedteke retningslinjer for denne tilskotsordninga der ein brukar ein vektingsnøkkel for ulike typar anlegg.

Vektingsnøkkel:

Golfbane - 2,3

Grasbane 11-er - 2,3

Hall - 2,3

Kunstgras 11-er - 2

Turveg - 2

Kunstgras 5/7/9-er - 1,5

Motorsport - 1,5

Skytebane - 1

Klubbhus - 0,6

Frisbeegolf - 0,4

Andre mindre anlegg/element - 0,1/0,2

I årets søknadsrunde tilsvarar 1 vektalt 27 216 kroner. Tilsvarande tal for 2021 var 28 969 kroner.

Innstilling

Søklar	Omsøkt vektalt	Innstilling
Frekhaug diskgolffklubb	1	27 216,-
Hordabø IL	7,2	195 957,-
IL Kvernbit	6,9	187 792,-
Knarvikmila	2	54 432,-
Knarvik IL	1	27 216,-
Manger IL	2,8	76 205,-
Meland golffklubb	2,3	62 597,-
Meland motorsportklubb	1,5	40 824,-
Meland skyttarlag	1	27 216,-
Nordhordland ballklubb	0,6	16 332,-
Nordre Holsnøy IL	3,6	97 978,-
Radøy idrettslag	5,5	149 689,-
Radøy skyttarlag	1	27 216,-
Totalt	36,4	990 670,-